



April 2024

Til innbyggjarar i Vinje

Kva for kulturarv har betydning for deg?

Korleis skal Vinje sjå ut i framtida? Er det stader, landskap, bygningar, bygningsmiljø eller tradisjonar som er umisselege og som me må ta vare på?

Kulturmiljøplan

Det er brei politisk semje om at Vinje også i framtida skal assosierast med kultur, natur og tradisjon, og kommunen har difor starta arbeidet med å lage ein kulturmiljøplan. NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) er engasjert til dette arbeidet, som vil gå føre seg i 2024.

Kulturmiljøplanen vil vera ein temaplan. Han skal gje oversikt over og styrkje forvaltninga av viktige kulturminne og kulturmiljø som er verdifulle å ta vare på for oss sjølve og dei som kjem etter oss. Dette kan vera både nyare og eldre bygningar og byggverk, område og kulturlandskap eller arkeologiske spor. Det kan også vera stader knytte til immateriell kulturarv, det vil seie levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som blir overført mellom folk.

Planen skal gje råd om korleis kulturmiljø og kulturminne kan vera ressursar for stadutvikling, kultur- og næringsliv, bidra til å styrkje særpreget og identiteten til Vinje, og vera kjelder til kunnskap og gode opplevingar for både innbyggjarar og besøkjande. Kulturmiljøplanen vil òg vera eit kulturminnefagleg grunnlag for arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen.

Me ynskjer innspel

I samband med planarbeidet ynskjer me å vite kva vinbyggjane meiner! Ynskjet er å få fram kunnskap og synspunkt frå folk i ulike aldrar og med ulik bakgrunn, frå ulike næringsvegar og frå ulike grender.

Diskusjon i mindre grupper – Gjestebod

Spørsmåla på neste side er tenkte som utgangspunkt for diskusjon i mindre grupper. Gruppene kan gjerne kome saman i små 'gjestebod'. Med gjestebod meiner me ein uformell samankomst der ein person inviterer ein eller fleire gjestar for å diskutere fritt og ope kring eit plan-tema. Gjestane får høve til å seie si meining om temaet som blir teke opp, og verten har ansvar for å presentere spørsmåla og samla inn synspunkt. Kven som skal inviterast, og kvar og når de skal treffast, avgjer verten.

Gjestebod er ein ny måte for å hente innspel til planarbeid. Målet er å få fram meningar frå folk flest, også frå den som kanskje ikkje er komfortabel med å gje innspel i store folkemøte eller i formelle, skriftlege høyringssvar.

Kontaktpersonar

Vinje kommune: verksemdsleiar kultur og fritid, Kristian Rantala, tlf. 94 98 38 23, kristian.rantala@vinje.kommune.no,
NIKU: prosjektleiar Siv Leden, tlf. 23 35 50 00, siv.leden@niku.no.



Spørsmål – samtaletema:

1. Kva særpregar Vinje som stad? Kva er det Vinje har som ikkje andre plassar har?
2. Kva aktivitetar, kulturuttrykk eller tradisjonar er typiske for Vinje?
3. Er det ein eller fleire stader i Vinje der du tykkjer det er særleg fint?
4. Kva vil du helst syne fram til gjestar som kjem utanbygdes frå?
5. Er det ein spesiell stad, bygning eller anna som er viktig for deg som kjenneteikn på at no er eg framme eller no er eg heime?
6. Kvar er di grend? Kva særpregar ho, og kva har grenda som ikkje andre plassar har? Kva er viktigast å bevare der?
7. Kva meiner du har forma Vinje frå gammalt av?
8. Korleis er dette synleg i dag – i landskapet, bygningsmønster, aktivitetar, anna?
9. Kva stader, landskap, bygningar og andre spor frå eldre tider i Vinje er spesielt viktige å ta vare på og kvifor? Kvar ligg desse?
10. Er det spesielle historiske bygningar eller stader du ofte vitjar? Kvifor?
11. Kva bør gjerast for å verne om viktige kulturmiljø, stader, landskap, utsiktspunkt, vegar, bygningar eller anna?
12. Korleis kan verdifulle tradisjonar haldast i hevd?
13. Korleis kan ein formidle kunnskap om og skape interesse for kulturminna, kulturmiljøa, kulturlandskapet og kulturarven?
14. Har du andre innspel?

NB! Me spør fordi me ynskjer å vite kva nett du meiner. Ingen svar er rette eller galne.

Innsending av svar

Me ber om ei kort oppsummering av synspunkt. Dersom det har vore stor semje eller usemje i diskusjonen, kan dette godt kommenterast. Me vil gjerne vite kor mange de har vore på gruppa, alderen til deltakarane og kvar de er i frå, men me treng ikkje vita namn.

Svaret som blir sendt inn frå gjestebodet blir gruppa sitt innspel til planprosessen. Alle kan også gje egne innspel om dei ynskjer det, eller har lyst til å utdjupe noko etter gjestebodet.

Dersom du kjenner andre som du trur ville vera interesserte i å sende synspunkt eller kalle saman til gjestebod, er me takknemlege om du sender invitasjonen vidare.

Innspel kan sendast til Vinje kommune: postmottak@vinje.kommune.no. Svara frå gjestebodet vil bli teke med i det vidare arbeidet med kulturmiljøplanen for Vinje.

Frist for å gje innspel er 5. august 2024.

Takk for bidraget!

Beste helsing
Vinje kommune og NIKU